

KYRKJEBLADET

65. årg.

FOR VAKSDAL

Nr. 3/2011

Andakt Side 3

Slekters gang Side 15

Gudstenesteliste Side 16

Kyrkjevalet 2011

Side 4 og 5



Albert Tolås

Side 8 og 9

Knut-Erlend Rosvold

Side 10

DEN NORSKE KYRKJA I VAKSDAL

Kyrkjekontoret for Vaksdal

Pb 113, Fabrikkvegen 3

5721 Dalekvam

Tlf. 56 59 39 20

Faks 56 59 39 29

E-post: kyrkjekontoret@vaksdal.kyrkja.no

Ekspedisjonstid:

Tysdag og torsdag kl. 09.30-15.00

onsdag kl. 11.00-15.00

Kyrkjuverje Svein Tøsse

Tlf. kontor 56 59 39 21

Mobiltilf. 95 97 99 05

E-post: kyrkjuverja@vaksdal.kyrkja.no

Sokneprest Edvard Bø

Prest i Vaksdal og Stamnes sokn

Tlf. kontor 56 59 70 88

Mobiltilf. 90 84 06 24

E-post: edvarboe@online.no

Postboks 23, 5725 Vaksdal

Sokneprest Frode Kvamsøe

Prest i Dale, Eksingedalen, Bergsdalen

og Nesheim sokn

Tlf. kontor 56 59 39 20

Mobiltilf 90 19 65 14

E-post: frode.kvamsoe@vaksdal.kyrkja.no

Tlf. privat 56 59 73 15

E-post: fkv@broadpark.no

Kantorane Olav Arne Steinkopf og

Tone Synnøve Øygard Steinkopf

Tlf. kontor: 56 59 39 20

Tlf. privat: 56 59 56 25

E-post: steinkopf@online.no

Organist i Eksingedalen

Asbjørn Nese

Tlf. privat: 56 59 59 26

Mobiltilf. 95 22 84 47

Samtale med presten

Prestane står til disposisjon for samtale.

Avtal helst på førehand.

Prestane har teieplikt.

Bilete på framsida: Anne Margrete Eikefet



Eg kjenner nokon som opplevde stor sorg i sommar. Eg kjenner nokon som opplevde stor sorg for eit par år sidan og. Eg ser at media dagleg fortel nytt om detaljar kring den grusomme hendinga i Oslo og på Utøya, og alle er samde om at me ikkje skal gløyma den 22. juli 2011. Eg kjende ingen av dei unge som var på Utøya, og er glad for at eg ikkje fekk hendinga tettare inn på livet. Avisa kunne leggjast vekk, og fjernsynet skruast av. Bileta kunne fjernast frå netthinna for ei lita stund, og tankane kunne nyttast til andre sysler. Det var for vondt å sjå og høyre alle forteljingane, måtte ha ein pause.

Den nasjonale hendinga vart ny

merkedag for Noreg. Sjølv sagt kjem eg til å hugse 22. juli for all framtid, og eg får sikkert god hjelp av media til å gjere det og. Men eg håper at eg får tilgjeving for at eg hugsar mine egne datoar like godt. Eg kjem aldri til å gløyme mine egne sorger den 30. august, 4. juli eller 13. desember, for å ta eit lite utval, og er viss på at det finst nok av slike datoar rundt i heimane til at me til saman fyller heile året. Mine datoar er mine datoar, og hendingane "mine" er nærare og sterkare enn det som hende i Oslo og på Utøya. Eg kan ikkje hjelpe for det. Kanskje andre har det slik, og?

Sekretær Jorunn Våle Tonckens

Tlf. kontor 56 59 39 20

E-post: Jorunn@vaksdal.kyrkja.no

Fellesrådsleiar:

Roy Steinsland

tlf. 474 15 293

Soknerådsleiarar:

Vaksdal: Svein Hovlandsdal

tlf. 951 72 152

Dale: Eli Kringlebotten

tlf. 56 59 51 81 / 993 29 925

Bergsdalen: Per Småbrekke

tlf. 56 59 89 68 / 908 83 629

Stamnes: Bjørn Stamnesfet

tlf. 56 59 82 91 / 414 13 351

Eksingedalen: Asbjørn Flatekval

tlf. 56 59 58 28

Nesheim: Frøydis Gullbrå

tlf. 56 59 52 77

KYRKJEBLAD FOR VAKSDAL

Utgjevar: Sokneråda i Vaksdal

Bladpengar: kr 180,-

Annonsepris: kr 3,- pr. sp.

Avgiftsfritt.

Bankgiro: 3500.07.05800

Bladstyrar: Kyrkjuverja i Vaksdal

Grafisk utforming:

Wenche Horvei

Kasserar:

Vaksdal Kyrkjelege Fellesråd,

boks 113, 5721 Dalekvam

Eksp. og trykk:

Øystese Trykkeri A/S, Nedre Vik,

5610 Øystese.

Tlf. 56 55 36 50.

Retur til: Kyrkjekontoret for Vaksdal, Pb. 113, 5721 Dalekvam.

Stoff til neste nr. må vera kome inn til 7. oktober 2011



Blomar ved arbeidarmonumentet på Dale, etter minnemarkeringa 26. juli.

Me er like verdifulle

Det er vanskeleg å koma utanom terrorhendingane på Utøya og i Oslo den 22. juli når eg set meg til å skrive andakt. Det som skjedde då rystar meg framleis. Sorg og tårer veltar fram når eg til dømes ser og høyrer forteljingane til dei som overlevde, og når eg ser bilete av blomehava rundt om i landet. Og eg kjenner meg sikker på at det er ikkje berre eg som har det slik. Desse hendingane har skaka alle menneske i dette landet, etter det eg kan sjå. Ja, folk og nasjonar i heile verda har teke del i sorga og sjokket det norske folket er påført. Somme gonger overgår røynda fantasien, vert det sagt. Det må vere tilfellet for dei fleste av oss, vil eg tru, når det gjeld det voldsame som skjedde denne fredagen.

Det skjer stadig at nokon dør. Menneske dør etter lang eller kort sjukdom, og har kan hende levd i smerter og uro i lang tid. Menneske vert drepne av andre eller dør for eiga hand. Menneske dør som fylgje av ulukker. I sommar har me opplevd ulukker som har kosta menneskeliv. Innbyggjarar i Vaksdal har mista livet eller er pårørande. Innan våre kommunegrenser han folk utanfrå mista livet.

Der er mykje merksemd rundt drepne, skadde og pårørande etter hendingane 22. juli. Det er media som styrer omfanget av dette. Ein kan nok kjenne at det vert vel mykje stoff om hendingane og verknadane av

dei, men etter mitt skjøn opptrer media i alle fall varmsamt i høve dei som vart råka. Kan hende vert merksemda meir enn desse elles ville ynskja. Dei kjenner seg i alle fall godt tekne vare på, vonar eg, og det av ein heil nasjon.

For dei som vart råka 22. juli stiller det offentlege opp med menneskeleg og økonomisk bistand som har langt større dimensjonar enn elles, etter det eg kan sjå. Så eg undrast: Kan det vere at somme spør seg om menneska i Noreg har ulik verdi for nasjonen og folket? Svaret er nok nei. Det er i alle fall ikkje nokon som vil at det skal vere slik. Like fullt vågar eg å minne om at me menneske er like verdifulle. Uansett kven me er, kva liv me lever, eller korleis me dør.

Slik er det og i Guds augo. Me spør oss nok om kor han er når me er midt oppe i vonde hendingar. Dette gjeld ikkje berre for 22 juli, men kvar dag. I Bibelen les me at Gud har skapt himmel og jord, og at han har skapt menneska. Alle er eit mål for Hans kjærleik og omsorg. Alle er eit mål for hans frelse. Sjølv når ikkje me skjønar kvifor ting skjer, kan me få tru at me kvar dag lever i Hans omsorg, og at Han er med ”alle dagar så lenger verda står” (Matt 28, 20).

*Med venleg helsing
Frode Kvamsøe*

VAL TIL LOKALE SOKNERÅD

12. SEPTEMBER

Kyrkjevalet

2011

Kyrkjevalet er denne gongen for ein periode på fire år. Val-dagen er den same som for kommunevalet, måndag 12. september. Det vert to lister ved valet. Ein skal røyste på kandidatane til dei lokale sokneråda, og på Bispedømerådet. Krinsane for kommunevalet og soknegrensene er ikkje heilt samanfallande, så ein ber veljarane om å setje seg inn i kva stad ein kan røyste. Som ein kan sjå av oppstillinga, er det mogleg både for «Dalesoknarar og Vaksdalsoknarar» å røyste på Stanghelle. På Eidsland kan ein røyste i Stamnes og Eksingedalen sokn, og på Bergo kan ein røyste i Eksingedalen og Nesheim sokn.

Soknet ein bur i	Røystestad	Røystetid
Dale	Dale barne- og ungdomsskule	1000 – 2000
Dale og Vaksdal	Stanghelle samfunnshus	1000 – 1900
Bergsdalen	Bergsdalen skule	1000 – 1600
Vaksdal	Vaksdal samfunnshus	1000 – 2000
Stamnes	Stamnes skule	1000 – 1900
Stamnes og Eksingedalen	Grendahuset på Eidsland	1000 – 1700
Eksingedalen og Nesheim	Eksingedalen skule, Bergo	1000 – 1800

Førehandsrøysting

Førehandsrøystinga startar 10. august og held fram til og med torsdag 8. september, i opningstida til kyrkjekontoret. Det er mogleg å førehandsrøyste i sokna alle stader i landet ved å ta kontakt med det lokale kyrkjekontoret. Ein må berre passe på at det vert gjort så tidleg at røystesetelen rekk fram i tide. Alle veljarar får tilsendt valkort i posten. Dette må takast med ved førehandsrøystinga. Veljaren må òg kunne legitimere seg for røystemottakaren. Endring frå sist val: Veljar som har førehandsrøysta kan ikkje røyste på nytt på valdagen.

Reglar for røystinga

Det skal veljast 4 medlemmer og 5 varamedlemmer i Bergsdalen, Eksingedalen og Nesheim sokn. Det skal veljast 6 medlemmar og 5 varamedlemmer i Vaksdal, Dale og Stamnes sokn. Kandidatlistene er sette opp i prioritert rekkjefølgje. Du kan levere røystesetelen utan endringar. Vil du endre på røystesetelen, kan du:

- Gje kandidaten ei tilleggsrøyst ved å setje eit kryss i ruta til venstre for namnet til kandidaten. Kandidaten får då to røyster.
- Legge til eitt namn på vallista. Dette namnet kan ein ikkje gje ei tilleggsrøyst.
- Stryke kandidatar på vallista ved å setje ein strek over namnet. Denne kandidaten får då inga røyst.
- Dei andre kandidatane får ei røyst kvar under oppteljinga.

Andre endringar vil ikkje telje med i valoppgeret. Bruk blå/svart penn eller blyant.

Greitt å vite

Manntalet (medlemsregisteret for Den norske kyrkja) er tilgjengeleg på kyrkjekontoret. Du kan berre få kjennskap til opplysningar om deg sjølv, eller om ein person som du har fullmakt frå. Sjølv om du ikkje står i manntalet, har du krav på å få røyste. Då må du grunngje kvifor du meiner at du har røysterett i soknet. Grunngjevinga bør skrivast. Soknerådet avgjer under oppteljinga om røysta er gyldig og skal teljast med. Treng du rettleiing eller hjelp i vallokalet, kan du vende deg til ein av valfunksjonærane. Om du grunna ei funksjonshemming, til dømes synshemming, treng hjelp for å røyste, kan du sjølv velje ein person over 14 år til å hjelpe deg. Du kan ta kontakt med kyrkjekontoret om du ikkje har høve til å møte opp på nokon av røystestadane. Me vil så langt det er råd gje høve til røysting heime eller på institusjonane.

Bergsdalen sokn

1. Anne Hilde Fosse Osvold, 41 år, Bergsdalen
2. Ragna Lid, 44 år, Bergsdalen
3. Kari Mona Hernes, 49 år, Bergsdalen
4. Kari Kristin Hopperstad Rødland, 45 år, Bergsdalen
5. Edvard Martin Kleven, 63 år, Bergsdalen
6. Kari Berge, 65 år, Bergsdalen
7. Gerd Norunn Haga, 65 år, Bergsdalen
8. Asbjørn Berge, 71 år, Bergsdalen
9. Olaug Fagerbakke, 49 år, Bergsdalen
10. Jorunn Pernille Brekke, 72 år, Bergsdalen
11. Ole Johan Pettersen, 54 år, Bergsdalen
12. Anne Lise Bergo, 47 år, Bergsdalen

Det skal veljast 4 medlemmer og 5 varamedlemmer.

Nesheim sokn

1. Haldis Bjotveit Øvstedal, 40 år, Eidslandet
2. Frøydis Gullbrå, 40 år, Eidslandet
3. Asbjørn Nese, 75 år, Eidslandet
4. Oddvar Fosse, 68 år, Eidslandet
5. Magnar Nese, 48 år, Eidslandet
6. Anny Gullbrå, 69 år, Eidslandet
7. Gunnar Jarle Nesheim, 58 år, Eidslandet
8. Nils L. Nesheim, 72 år, Eidslandet
9. Marit Fjellanger, 75 år, Eidslandet
10. Jan Arne Fjellanger, 49 år, Eidslandet

Det skal veljast 4 medlemmer og 5 varamedlemmer.

Dale sokn

1. Roy Steinsland, 22 år, Stanghelle
2. Eli Kringlebotten, 61 år, Stanghelle
3. Bjørn Kaare Tollefsen, 30 år, Dale
4. Evelyn Tvedt, 47 år, Dale
5. Solfrid Langeland Gjermo, 65 år, Stanghelle
6. Fred Eirik Bjørnberg, 41 år, Dale
7. Sissel Karin Sandvik Dale, 50 år, Dale
8. Eldbjørg Gjertrud Helle, 69 år, Dale
9. Ragnvald Kringlebotten, 63 år, Stanghelle
10. Oddveig Straume, 66 år, Dale
11. Einar Magne Straume, 68 år, Dale

Det skal veljast 6 medlemmer og 5 varamedlemmer.

Vaksdal sokn

1. Svein Hovlandsdal, 28 år, Vaksdal
2. Tove Margrete Nordmark, 57 år, Vaksdal
3. Per Nordmark, 59 år, Vaksdal
4. Morten Eintveit, 31 år, Vaksdal
5. Oddvar Dale, 58 år, Vaksdal
6. Sonja Berit Boge, 57 år, Vaksdal
7. Kari Bø, 52 år, Vaksdal
8. Daniel Svensson Kinsarvik, 20 år, Vaksdal
9. Grete Loftheim Dale, 59 år, Vaksdal
10. Bjørn Knutsen, 65 år, Vaksdal
11. Odd Arild Faugstad, 63 år, Vaksdal

Det skal veljast 6 medlemmer og 5 varamedlemmer.

Eksingedalen sokn

1. Geir Sigbjørn Høvik, 58 år, Eidslandet
2. Kari Brørvik, 47 år, Eidslandet
3. Rune Lavik, 53 år, Eidslandet
4. Liv Edith Lavik, 41 år, Eidslandet
5. Geir Ove Carlsen, 56 år, Eidslandet
6. Berit Vetlejord, 66 år, Eidslandet
7. Ingvald Brønstad, 53 år, Eidslandet
8. Knut Arild Furevikstrand, 50 år, Eidslandet
9. Astrid Lavik, 52 år, Eidslandet
10. Olav J. Nese, 61 år, Eidslandet
11. May-Britt Eriksen, 37 år, Eidslandet
12. Sverre Høvik, 77 år, Eidslandet

Det skal veljast 4 medlemmer og 5 varamedlemmer.

Stamnes sokn

1. Bjørn Stamnesfet, 54 år, Stamnes
2. Eidrun Straume Normann, 51 år, Stamnes
3. Olaug Helen Lunde Stamnes, 55 år, Stamnes
4. Anne Masgrete Eikefet, 52 år, Eidsland
5. Ingebrigt Gammersvik, 57 år, Stamnes
6. Elke Marie Hesjedal, 37 år, Stamnes
7. Inger Marie Thunestveit, 46 år, Stamnes
8. Ranveig Signe Neset, 61 år, Eidsland
9. Inghild Stien, 67 år, Stamnes
10. Eli Marit Hvidsten, 40 år, Stamnes
11. Erna Bjørg Vedaa, 75 år, Stamnes
12. Arne Vik, 58 år, Stamnes

Det skal veljast 6 medlemmer og 5 varamedlemmer.

VAL TIL BISPEDØMERÅDET

Gje kyrkja gode råd!

Valpresentasjon frå valrådet i Bjørgvin bispedøme

Kven vil du skal sitja i bispedømerådet og på Kyrkjemøtet, kyrkja sitt «storting»?

Alle kyrkjemedlemmer som er 15 år eller eldre kan vera med på å bestemma dette direkte. Ved å r ysta ved bispedømerådsvalet, er du med på å bestemma

kva retning Den norskekyrkja skal gå i. På dnne sida får du ein kort presentasjon av kandidatane til bispedømerådsvalet. Meir informasjon om

kandidatane og svara deira på aktuelle kyrkjelege spørsmål finn du på: www.kyrkja.no/bjorgvin

Kyrkjevalet 2011



DEN NORSKE KYRKJA
Bjørgvin bispedømeråd

Dei leke kandidatane i alfabetisk rekkjefølgje

 <p>Nils Dagestad 68 år. Bonde/pensj. rektor. Voss, Hartanger og Voss prosti.</p> <p>Bakgrunn: Sokneråd, kommunestyre og fylkesting. Læiar for flere utval, store prosjektarbeid og tingingar med sentrale styresmakter.</p> <p>Satsingsområde:</p> <ul style="list-style-type: none"> • Formya og vitsera forkyninga • Røskutting, engasjerte frivillige • Skapa glede og entusiasme • Tenkja heile menneske 	 <p>Eivind E. Elseth 27 år. Student. Fridalen, Bergen domprosti.</p> <p>Bakgrunn: KFUK-KFUM (læiar vinterfestival, kirkeskyr), sokneråd, ungdomsrådet i Bjørgvin (læiar og nest-læiar), repr. skap Kirkens SOS Bjørgvin, vik. kateket i Østvik.</p> <p>Satsingsområde:</p> <ul style="list-style-type: none"> • Trusoppplæring, born og unge • Utvikle diakonale tiltak 	 <p>Terje Roald Halsnes 51 år. Hjelpeleiar/bonde. Fjaler, Sunnhordland prosti.</p> <p>Bakgrunn: Læiar sokneråd, læiar fellesråd, styremedlem Nordvik Indremisjon, fridagsforlykningar Northordland Indremisjon.</p> <p>Satsingsområde:</p> <ul style="list-style-type: none"> • Trusoppplæring • Ny gudstenesteforordning • Inkluderande kyrkje • Ungdomsarbeid • Diakoni 	 <p>Bjarte Hetlebakke 21 år. Student. Salthus, Arna og Åsane prosti.</p> <p>Bakgrunn: Læiar KFUK-lag, konfirmantlæiar, styremedlem Nordvik Indremisjon, fridagsforlykningar Northordland Indremisjon.</p> <p>Satsingsområde:</p> <ul style="list-style-type: none"> • Ungdomsarbeid • Smågrupper • Forholdet kyrkje/bedehus • Liturgi 	 <p>Egil Morland 61 år. Førstelæiar. Fjell, Vesthordland prosti.</p> <p>Bakgrunn: Bjørgvin bispedømeråd, rektor NLA, Ulke prestestillingar, læiar presteforeninga, læiar bedehus, kommunestyre, varaordførar m.m.</p> <p>Satsingsområde:</p> <ul style="list-style-type: none"> • Dåpsopplæring/foreldre-ansvar • Gudstenesta, innføring av ny liturgi • Avvikling av statskyrkja 	 <p>Inger Helene T. Nordeide 50 år. Utviklingsleiar. Førde, Sunnfjord prosti.</p> <p>Bakgrunn: Bjørgvin bispedømeråd, Senter for Livsmeistring, læiar kyrkjelut, søndagskuleleiar, kyrkjeleiar.</p> <p>Satsingsområde:</p> <ul style="list-style-type: none"> • Open og tydeleg kyrkje • Diakoni • Trusoppplæring • Arbeidsvilkår for prestar • Stat-kyrkje spørsmålet 	 <p>Ruth Ingrid Skoglund 46 år. Førsteamanuensis. Fjell, Vesthordland prosti.</p> <p>Bakgrunn: Styngsgruppe trusoppplæringa i Fjell, søndagskule, Forskingsprosjekt tiknytte Stiftelsen Kirkeforskning (KIFO)</p> <p>Satsingsområde:</p> <ul style="list-style-type: none"> • Trusoppplæring • Familiearbeid 	 <p>Vemund Atle Øiestad 63 år. Tannlæjar. Nordside, Nordfjord prosti</p> <p>Bakgrunn: Læiar sokneråd, fellesråd, læiar prostråd, diverse prosjektarbeid tannhelsete.</p> <p>Satsingsområde:</p> <ul style="list-style-type: none"> • Trusoppplæring • Gudstenestereforma • Ei arbeidsstevlarfaringe i kyrkja • Grøn kyrkjelyd • Vedlikehald kyrkjebygg
 <p>Berit Nøst Dale 59 år. Høgskuleleiar. Meland, Nordhordland prosti.</p> <p>Bakgrunn: Sokneråd, Normisjon (landsstyret og regionsstyret), Læiar gudstenestelag.</p> <p>Satsingsområde:</p> <ul style="list-style-type: none"> • Trusoppplæring for vaksne • Frivilligarbeid i kyrkja • Borna sin plass i gudstenesta 	 <p>Sigbjørn Grønås 72 år. Prof. emeritus. Os, Midhordland prosti.</p> <p>Bakgrunn: Læiar sokneråd, tekstesar, medlem av gruppa for miljø, forbruk og rettferd i Bjørgvin, Naturvernforbundet, Besteforeldreassosiasjonen for ansvarleg klimapolitik.</p> <p>Satsingsområde:</p> <ul style="list-style-type: none"> • Dåpsopplæring, konfirmantar • Kreativt gudstenesteliv • Vår jord, forbruk og rettferd • Offentleg debatt 	 <p>Cathrine Waaler Halstensen 33 år. Einingssjef. Bergen domkirke, Bergen domprosti.</p> <p>Bakgrunn: Medlem bispedømerådet, prosti- og dagleg læiar ulike sokn i Bergen, Kirkens bymisjon, styremedl. Norges huseierforbund.</p> <p>Satsingsområde:</p> <ul style="list-style-type: none"> • Diakoni, inkludering, omsorg • Ungdomskulturkirken St. Jakob • Born og unge og • Unge vaksne i kyrkja 	 <p>Ingmar Ljones 69 år. Pensjonist. Arna, Arna og Åsane prosti.</p> <p>Bakgrunn: Medlem Bjørgvin bispedømeråd, Læiar sokneråd og Bergen kirkelige fellesråd. Ordførar, stortingsrepresentant, m.m.</p> <p>Satsingsområde:</p> <ul style="list-style-type: none"> • Barne- og ungdomsarbeid • Gudstenestefellesskap • Diakoni • Samarbeid andre lag/org. • Frivillige medarbeidarar 	 <p>Kari Synnøve Muri 46 år. Fysioterapeut og folkehelsekoordinator. Olden, Nordfjord prosti.</p> <p>Bakgrunn: Sokneråd, fellesråd, Normisjon, Læiar veglengstenesta i Olse. Innvik Fjorchtel Mijonshelmen, Norsk Fysioterapeutforbund, Indre Nordfjord Turlag (DNT) m.m.</p> <p>Satsingsområde:</p> <ul style="list-style-type: none"> • Levande gudstenester • Bønearbeid • Trusoppplæring for alle • Medarbeidarskap • Diakoni lokalt og globalt 	 <p>Arnt Erik Nordheim 29 år. Rådgjevar. Stegje, Indre Sogn prosti.</p> <p>Bakgrunn: Jurist, Nestleiar ungdomsrådet i Bjørgvin, Indremisjonen</p> <p>Satsingsområde:</p> <ul style="list-style-type: none"> • Bibeltru lære • Konfirmantararbeid • Diakonale tenester • Trusoppplæring • Samhandling 	 <p>Aud Marie Stundal 60 år. Studieleiar. Kaupanger, Indre Sogn prosti</p> <p>Bakgrunn: Læiar sokneråd, fellesråd, kyrkjelag, frivilligstjental, bedehus, skule- og ungdomskorps m.m.</p> <p>Satsingsområde:</p> <ul style="list-style-type: none"> • Barne- og ungdomsarbeid • Ta i bruk den nye liturgien • Samarbeid mellom kyrkja og andre kristne organisasjonar 	 <p>Julie-Anne Ødegaard 28 år. Stipendiat. Løvstakkeldsen, Bergen domprosti.</p> <p>Bakgrunn: Kirnsskretar Bjørgvin KFUK-KFUM, medlem av kirnssstyret, menighetskonsulent, frivillighetskoordinator, studiekonsulent, ungdomsarbeidar, kordirignt m.m.</p> <p>Satsingsområde:</p> <ul style="list-style-type: none"> • Ei folkekyrkje å være glad i • Forbruk og rettferd • Lokalsamfunn & kyrkjelyd • Kultur • Medarbeidarskap
 <p>Terje S. Edvardsen 66 år. Adm.dir. Fridalen, Bergen domprosti.</p> <p>Bakgrunn: Læiar for etelid, av Kirkens bymisjon Bergen, styrelseleiar bymisjonen, men. råd, Åpen kirke, Haraldsplass diakonale sykehus/høgskole, Garnes Usenter, Diakonledemøtet m.m.</p> <p>Satsingsområde:</p> <ul style="list-style-type: none"> • Trusoppplæring • Kyrkjeoppulmad • Stat-kyrkje reform • Diakoni • Ungdomsarbeid 	 <p>Hildur Heie 57 år. Pleie- og omsorgsleiar. Tynes, Sunnhordland prosti.</p> <p>Bakgrunn: Læiar sokneråd, politiske vev. Representantskap Bergen diakonisehjelm.</p> <p>Satsingsområde:</p> <ul style="list-style-type: none"> • Gudstenesta • Diakoni • Trusoppplæring • Misjon 	 <p>Marta Onstein 52 år. Læiar. Etne, Sunnhordland prosti.</p> <p>Bakgrunn: Læiar sokneråd, prostråd, speidarleiar i 31 år, Læiar Forteljefestival i Etne.</p> <p>Satsingsområde:</p> <ul style="list-style-type: none"> • Barne- og ungdomsarbeid 					

Kva er bispedømerådsvalet?

11. - 12. september er det kyrkjeval, i tillegg til kom-mune- og fylkestingsvalet. Denne dagen skal tre av deileke medlemene til Bjørgvin bispedømerådet veljast. Dei vert også utsendingar frå Bjørgvin til Kyrkjemøtet. Kyrkjemøtet vil ha ei viktig rolle i å bestemma korleis Den norske kyrkja skal organiserast etter kvart sambanda til staten vert lausare.

Ytterlegare fire medlemmer i bispedømerådet vert i no-vember valde av dei nye sokneråda. I tillegg skal pres-tane og andre tilsette i kyrkja velja to medlemmer. Biskopen er fast medlem av bispedømerådet.


Slik røystar du ved valet

- Som kyrkjemedlem kan du røysta på den eller dei personane dei helst vil ha inn ved å setja tal framfor namnet (sjå eksempel til høgre).
- Røysetsetelen er alfabetisk. Kandidatane har difor like stor sjansje til å bli valde, uavhengig av kvar dei står på lista.
- Røysetsetlar utan tal vil bli forkasta. Du må merka minst ein kandidat med eit tal, men kan markera rekkefølja for så mange du vil, opptil 19. Desse skal merkast frå 1 til 19, der kandidaten som er merka nummer 1 er den du helst vil ha inn.

Kyrkjevalet 2011 – kort sagt

- Døme på utfyllt røysetsetel vil finnast i vallokalet.
- Valdagan er 11. og 12. sept. dei fleste stader berre 12. sept.
- Førhandsrøysting er mogeleg frå 10. august.
- Kandidatane blir valde for fire år.
- Alle medlemmer av Den norske kyrkja har røysetrett frå det året dei fyller 15.
- I august vil alle med røysetrett få eit vorkort i posten med informasjon om kvar og når dei kan røysta.
- Storsatsinga på årets kyrkjeval er eit resultat av kyrkjeforliket i Stortinget i 2008.

Bli betre kjent med dei leke kandidatane til bispedømerådet: Kven er kandidatane? Kva står dei for og kva meiner dei om ulike spørsmål? Les meir i brosjyre du får på kyrkjekontoret eller på www.kyrkja.no/bjorgvin



Valpresentasjon frå valrådet i Bjørgvin bispedøme

Adresse: Bjørgvin bispedøme, PB 1960, 5817 Bergen • Tlf.: 55 30 64 70 • Faks: 55 30 64 85 • Internett: www.kyrkja.no/bjorgvin

Kora startar opp att etter sommaren!



Frå Tone Synnøve sin eksamenskonsert i kordirigering i Sandvikskirken i mai. Då song Korskulen i Vaksdal og Kilden saman med fleire andre kor. Og jada: Tone Synnøve greidde eksamen fint, ho!

Foto: Anita B Svaler

Kyrkjene i Vaksdal har eit rikt tilbod for deg som likar å synge! Viss du er under fire år kan du delta på Baby/småbornssong. Er du fire år eller eldre kan du delta i barnekor og er du

ungdom eller vaksen kan du synge i Kilden. I kora lærer du stemmebruk, songteknikk, får trene opp gehøret, lærer nye songar, får kjennskap til ulikt repertoar, får vere med og

opptre i ulike samanhengar og får vere i ein sosial og triveleg samanheng. Til hausten feirar Stamnes barnekor 10 år. Me vonar at så mange som mogleg vil vere med på eit eller fleire

av tilboda under. Nedanfor står tid og stad for dei fyrste øvingane i haust.

Ver velkomen – gamle og nye songarar!!

**Helsing Tone Synnøve
og Olav Arne**

KILDEN: fredag 26.august kl 18.00 i Vaksdal kyrkje.

VAKSDAL BARNEKOR: tysdag 30. august kl 14.15 i Vaksdal kyrkje.

STANGHELLE/DALE BARNESONGKOR: onsdag 31. august kl 14.15 i Dale kyrkje.

STAMNES BARNEKOR: torsdag 1. september kl 17.00 i Stamnes bedehus.

BABY/SMÅBORNSSONG

Sjå nærare oppslag eller ta kontakt med Kyrkjekontoret for info.

Olsok på Leiro



Dei 16 som møtte kosa seg med kaffi og med brakt mat.

Tekst og foto: Anne Margrete Eikefet

Dette året kunne Olsokstemna vere på Leiro i sol, blå himmel og over 20 grader.

Det vart flagg på halv stang over heile landet den dagen på grunn av terrorhandlingane i Oslo og utøya.



MØTE I DALE BEDEHUS

onsdag 7. september kl. 19 ved Samemisjonen.
Tale v/ Odd Alvheim. Kollekt.

FELLES MØTEVEKE

for indremisjonane i Vaksdal **21.- 25. september**
Talar: Arne Thoresen.

Sjå i VaksdalPosten for tid og stad.



SØNDAGSSKULEN
Jesus til barna

Søndagsskule i Dale bedehus

Søndagsskulane på Dale og Stanghelle har gått saman til ein søndagsskule som har fått namnet Dale og Stanghelle Søndagsskule. I haust av vert denne søndagsskulen i

Dale Bedehus sundagar kl. 11.00.

Sundag 11. september

Sundag 25. september

Sundag 16. oktober

Sundag 6. november

Sundag 27. november

Me ynskjer alle born på Dale, Helle og Stanghelle velkomen til søndagsskulen på Dale, gjerne samen med ein vaksen.

*Hjarteleg helsing
Dale og Stanghelle Søndagsskule
v/Ragnvald Kringlebotten, leiar*

Dei andre søndagsskulane i Vaksdal startar opp slik:

Vaksdal: Sundag 28. august kl. 11.30 i bedehuset.

Der er det søndagsskule om lag kvar 3. sundag.

Bergsdalen: Sundag 6. november i kyrkja. Sjå oppslag.

Oppstart for søndagsskulen på Straume/Stamnes og i Eksingedalen er ikkje bestemt ennå.

Albert Tolås sluttar som kyrkjetenar

Over førti år etter at han fyrste gongen tok til som kyrkjetenar i Vaksdal avsluttar Albert Tolås no den tenesta. Dette vart markert i gudstenesta på Vaksdal søndag 21. august.

Albert bur nedanfor kyrkja, på nedsida av Bogevegen, og kan sjå opp til kyrkjetårnet frå tomte si. Han vart 85 år i vår, og var altså gutunge då kyrkja vart bygd.

– Eg hugsar då dei la ned eit koparskrin som mellom anna inneheldt myntar i samband med grunnsteinsnedlegginga. Ho var eg med på, og eg meiner det var i 1932.

Kyrkjetenaren inngår i teamet som gjer teneste under gudstenester og andre kyrkjelege handlingar. Dei sist åra har klokkar Bjørn Knutsen vore fast medarbeidar, og opp igjennom åra har Albert gjort teneste saman med ei rekkje organistar og prestar. Albert har alltid budd på Vaksdal. Kona Gunvor kom frå Bruvik rett over fjorden og dei fekk tre born. Gunvor var helsesyster her i kommunen, og døydde i 1986. Albert er no bestefar til åtte og oldefar til to.

– Det var sokneprest Bjørsvik som kom på døra og sa at dei trengte kyrkjetenar i kyrkja, og han ville at eg skulle ta jobben. Eg sa nei, men han ba meg om å tenke på det. Bjørsvik kom seinare att og sa at no måtte eg ta jobben, for dei hadde ingen andre til å ta han. Og då måtte eg jo berre seie ja.

Albert fekk tilsetjingsbrev frå Bjørgvin bispedømeråd

datert 2. mars 1971. Brevet fortalte at han var tilsett i ei åremålsstilling som medhjelpar for presten, og tilsetjinga gjaldt for seks år. Han kan ikkje hugsa at han måtte ha vikar grunna sjukdom, men Arvid Tolås var vikar i enkelte høgtider då Albert var på vitjing hjå familien.

– Men i vår fann eg ut at tida var inne for å slutte.

Arbeidet har ikkje endra seg så mykje på desse åra.

– Men slik eg hugsar det var det meir snørike vintrar for nokre tiår sidan. Og før vegen til kyrkja kom måtte eg måke trappa opp til kyrkja frå

eg i tårnet og strakte meg for å sjå, for eg skulle ringe til dei hadde passert "Karelen", som me kalte huset bortom Hausvik-butikken. I starten brukte eg bomull som høyr-selsvern. Eg kan ikkje utelukka at dette er litt av grunnen til at eg no har redusert hørsel.



Klokkekar Bjørn og kyrkjetenar Albert i godt samarbeid.

– I 1997 sa eg opp stillinga. Då var det Leif Eilifsen, ein av mine kameratar frå barnedomen av, som tok over.

Etter at Leif gav seg var det ein periode der mellom anna fleire ungdomar vikarierte, før Albert let seg engasjere att som fast vikar.

Bogevegen. Hadde det kome mykje snø om natta måtte eg starte måkinga hjå meg sjølv, så det vart mange trinn å måke!

– Elles ringjer me jo for hand, og før ringte me med klokken når gravfylgja gjekk frå kyrkja til gravplassen. Då sto

– Så kan eg jo nemne at ein gong slo eg ti slag i staden for ni i slutten av ei gudsteneste...

Det er mange trapper til klokkene. Frå Bogevegen til kyrkjedøra er det 58 trinn og frå våpenhuset opp til klokkene er det 54. – Etter det

eg har høyrte er trappene opp frå Bogevegen til kyrkja svært spesielle i Noreg. Mange turistar går opp trappene for å ta bilete av den flotte utsikta over fjorden. Mange bruker sjølvsagt den nye vegen opp til kyrkja, men det hadde vore fint om vedlikehaldet av trappene hadde vore betre. Det er eit litt trist syn slik dei er no.

Jobben som kyrkjetenar hadde Albert i tillegg til den han hadde på Vaksdal Kontormøbel-fabrikk. Då han i ung alder fekk høve til å byrje i lære hjå dei, starta eit arbeidstilhøve som varte i 48 år.

– Eg gledde meg til å gå på jobb kvar dag. Sjølv om det var tunge tak då me bar ferdige møbler frå fabrikk og opp til jernbanestasjonen. Eg har vore heldig som har hatt ei god helse. Einaste gongen eg hadde fråvær gunna sjukdom var då eg kutta av ein finger tidleg i arbeidslivet.

Kontormøbelfabrikk ligg den fyrste tida nede ved kaia, i lokala til den tidlegare trevarefabrikken. Nabohuset, som vart kalla ”kromkaka” og var bygd til å huse cornflakes-produksjon, var og ein del av fabrikk. I 1970 vart det bygd ny fabrikk på Brualeite, der Profil Embalasje no held til.

- Då biskop Lønning var på visitas i 1988 fekk me beskjed om å gjere noko med døypefonten, for han var visst for låg. Då var det eg som fekk oppgåva å byggje han om.

Albert er viljug sjåfør når nokon treng å kome seg ein stad.

- Eg likar å køyre bil. Men noko av gleda med å ha bil er at eg kan hjelpe andre som treng skyss. Når dei har avtalar hjå lege eller tannlege skal dei vere der til

bestemte tider, og det er ikkje sikkert at drosja greier å vere presis. Så då ringjer dei gjerne til meg.

– Eg har levd i barnetrua heile livet, eg vaks opp i ein kristen heim. Og me var ein kameratgjeng i ungdomstida som støtta kvarande slik at me heldt oss borte frå dei samanhengane som ville drege oss bort frå trua.

Albert har hatt fast plass i kyrkja og bedehuset i alle år, og har vore med i både soknerådet og bedehusstyret.

– Det har vore slik på Vaksdal at dei som gjekk i bedehuset kom til kyrkja når det var gudsteneste, slik var og er det for meg og. Men diverre er det ikkje på same viset slik at alle som går i kyrkja kjem til bedehuset og.

Han kjenner på seg at han nok ikkje har vore mellom dei som ofte står fram for å vitna om trua si. Det låg ikkje for meg, seier han. ”Men alle på Vaksdal veit jo at du går i kyrkja og bedehuset”, har ein kamerat trøysta han med. Albert har ikkje lagt skjul på kven han trur på, og vitnar gjerne for sine medmenneske når det er høve til det. Og sjølv om Albert helst ikkje vil seie så mykje om det, er han i det stille ein trufast forbedar med mange namn på bønelistasi.

- Den hender folk spør meg korleis eg har det no når eg har vorte 85. Eg brukar å svare at eg kjenner at eg ikkje er 70 lenger, og at beina mine trivst best i bilen...



Albert Tolås.

Knut-Erlend Rosvold med engasjement i Sentral-Asia

Knut-Erlend Rosvold (30 år) frå Stamnes bur i Sentral-Asia med familien Arn David 3 år og Jonas Rahim 3 månader, der han og kona Vivian jobbar som rådgjevar ved eit samfunnsutviklings-senter. Senteret er eigd og drive av lokale i samarbeid med ulike utanlandske aktørar. Knut-Erlend har vore aktiv i det kristne ungdomsmiljøet i Vaksdal frå ungdommen av, og avtente si sivilteneste som VOKT- (Valds og konfliktforebyggande tiltak) arbeidar i kyrkjelydane i Vaksdal.

Familien Rosvold er sendt ut frå bedehus-forsamlinga i Sogndal der dei har budd dei siste åra. I sentral Asia driv dei på med vaksenopplæring i ulike fag mellom anna engelsk og data. Ei av hovudoppgåvene neste året er å utvide arbeidet med tiltak som vil fremje sunn og bærekraftig utvikling i regionen som er prega av høg arbeidsløysse og eit aukande alkohol- og stoffmisbruk. Bak seg har dei eit år med språklæring.

Kvifor nett der i Sentral-Asia?
- Det er ikkje heilt lett å svara kort på. Det er ein blanding av ei kjensle av at Gud ynskjer oss der og eit ynskje om å vera til hjelp og velsigning. Det er og eit utruleg flott land å bu i med fantastisk gjestfrie og hyggelege folk.



Knut-Erlend og familien.

Foto: Privat

Korleis får de kontakt med menneske?

- Me prater med dei ;) Å lære seg språket er ein nøkkel, men for å lære eit språk må ein stotre litt og det er ofte med å bryte isen. Etter å ha vore ein del i Sentra-Asia og Midt-Austen må eg sei at me har mykje å gå på når det gjeldt gjestfridom her til lands. Eg trur me var i 5 eller 6 bryllaup sist sommar! Folk er og eigentleg meir like en me ofte trur, med dei same lengsler, same håp, same spørsmål.

Korleis reagerar folk på at de er kristne?

- Folka der er veldig religiøse og vil gjerne snakke om Gud. Tru er ingen privatsak. Det synest vi og er kjekt. Vi har mykje å lære av kvarandre og vi har lytta mykje meir en vi snakker. Vi er og barn i kulturen og trenger og lære. Vi treng ikkje legge skjul på at vi vil fylgje Jesus, vi møter meir respekt for det der enn i Norge. I Islam er Jesus og ein sentral skikkelse. Når vi lærer meir om Mohammed (må fred være med han) vil dei ofte høyre meir om Jesus. Kor lenge vert de verande?

- Vi vert iallefall verande i tre år til.

Det er ingen organisasjon som syter for familien Rosvold økonomisk. Viss nokon av Kyrkjebladet sine lesarar ynskjer, kan dei kontakt Margot-Helene Rosvold (92 45 89 15) og/eller betale eit friviljug beløp til kontonr. 3500.15.0968. Sjå og på www.rosvold.org.

Grunna ulike omsyn er namnet på landet dei bur i ikkje nemnt i dette intervjuet.

Konfirmantar



Konfirmantar i Nesheim kyrkje 6. juni 2011

Frå venstre: Jakob Gullbrå Tollefsen, sokneprest Frode Kvamsøe, Bjarte Gullbrå.

Foto: Olav Gullbrå



Konfirmantar i Bergsdalen kyrkje 29. mai 2011

Frå venstre: Stian Lid Lervik, sokneprest Frode Kvamsøe, Eivind Lid Trøen.

Foto: Per Småbrekke

Inger Lavik heidra av Kongen



Under eit arrangement på Fagertun Leirstad i juni fekk Inger Lavik H M Kongens fortjenestemedalje i sølv for sin innsats i det kristne barnarbeidet i Eksingedalen. Ho har i om lag førti år vore

med i sundagsskule- og barneforeningsarbeid. Mange folk var samla til eit arrangement som Inger trudde berre var den årlege Fagertundagen. Alle andre som var der visste kva som

skulle skje, og etter kvart gjekk det opp for Inger og! Ordføraren tala og overrekte medalje, og det kom mange godord og gåver frå dei frammøtte elles. Les gjerne meir om Inger i Kyrkjebladet

sitt fyrste nr. i år.

På bilete er Ingrid omkransa av noverande og tidlegare medlemmar av barneforeninga, samla ved flaggstonga på Fagertun.

UTDELING AV 4-ÅRSBØKENE I HAUST

Dale kyrkje: Sondag 30. oktober kl. 16.00

Vaksdal kyrkje: Sondag 6. november kl. 11.00

Nesheim kyrkje: Sondag 27. november kl. 15.00

(Uteling av bok til 4- og 6-åringane i begge sokna i Eksingedalen)

Stamnes kyrkje:

Sondag 27. november kl. 16.00

Bergsdalen kyrkje:

Sondag 4. desember kl. 16.00

Eidsland kapell:

Sondag 4. desember kl. 16.00

Besøk kyrkja di når du sjølv vil

Publikumsmodulen til
Kyrkjebyggdatabasen

www.kyrkjesøk.no

vart lansert i juni.

På den nye KA-nettstaden vert bilete og grunnopplysningar frå alle landet sine 1621 kyrkjer, tilgjengeleg for alle.



Kyrkjebøker i Vaksdal


Alle bøkene kan kjøpast på Kyrkjekontoret

Kyrkja i dalen (2008)

Nesheim kyrkje 100 år.

111 sider - **NY PRIS kr 150,-.**

Kan kjøpast i butikkane på Lavik. Kan òg kjøpast hjå boknemnda: Albert Gullbrå, Nils N. Nesheim og Asbjørn Nese.



Dei bygde draumen (2005)

Jubileumsskrift for Bergsdalen kyrkje 50 år. 220 sider -

NY PRIS kr 200,-

Kan kjøpast her:


Dale: Gyda og Mix

Bergsdalen: Hjø medl. i soknerådet og i kyrkja



Kyrkjestaden Dale 100 år (1996)

104 sider – kr. 50,-.



Soga om Stamneskyrkja (1986)

239 sider – kr. 50,-.



Konsert med vokalensemblet **mMokkat**

i Dale kyrkje
laurdag 24. september
kl. 17.00

- Songar om Tru, Håp og Kjærleik- Ensemblet kjem frå Stord, og tel 8 kvinner som har sunge saman i 4 år. Ensemblet har ikkje dirigent, men kunstnarleg leiar er Maria Malmsten. Heile repertoaret vert sunge a capella, og ensemblet har tidlegare halde konsertar i Trondheim og på ulike stader i Hardanger og Sunnhordland. Dagen etter konserten på Dale skal mMokkat synge på Moster Amfi. I februar 2012 skal dei på turnè til Alta med omegn. Ensemblet har og samarbeida med danserinna Magdalena From Delis og vore gjestar på Klosterdagane i 2009.

Det vert ein god del sakral musikk, men og renessanse-tonar, folkemusikk og meir viseprega stykke. Mange av songane er relativt nyskrivne og blant komponistane kan nemnast: Ola Gjeilo, Eva Ugalde, Henning Sommerro, C.A Carrillo m fl.

Ensemblet består av: Anne Guro Korsvoll - sopran, Ingjerd Kannelønning Kolstad-sopran, Maria Malmsten - mezzosopran, Kjersti Føllesø - mezzosopran, Britt Kristin Balchen - mezzosopran, Tone Heide - alt, Siw Kristin Vad Haraldsen - alt og Herborg Tegle - alt mMokkat ynskjer velkomen til konsert!!! Me trur at repertoaret vil passe mange publikumarar.

Arr: Dale sokneråd

Konfirmantjubileum hausten 2011

STAMNES KYRKJE

24. september
50-årskonfirmantar

DALE KYRKJE

2. oktober kl. 11.00
50- og 60-årskonfirmantar

VAKSDAL KYRKJE

16. oktober kl. 11.00
50-årskonfirmantar

GRAVMONUMENTER



Fra Brødr. Strand Stenhuggeri

Vi har alle aktuelle steintyper. Be om katalog og tilbud. NB! Fritt levert og montert alle kirkegårdene i distriktet.

Skrifttilføyelser - Oppussing

Harald Jordal

Tlf. 56 59 64 72 e. kl. 17.00



- ein lokal medspelar



Hordaland BA

Avd. 405 Dale

5721 Dalekvam - Tlf. 56 59 61 01

SÆTERDAL ELEKTRO

Me leverer alt innan elektriker-tenester, også varmepumper.
Tlf. 56 59 43 00



– satsar på Vestlandet

Tlf. 56 59 39 00 - www.spv.no

VAKSDAL BLOMSTER OG BEGRAVELSESBYRÅ AS

Vi ordnar alt vedrørende dødsfall.
Kransar - Sløyfer - Oppsatsar - Bårebukettar

Ann-Elin Mjelde Gullbrå
Tlf. 56 59 74 70 - Mob. 91 17 97 66

Ve vangen elektriske a/s AUTORISERT TELE- OG ELEKTROENTREPRENØR

HAR DU BRUK FOR EIN FAGMANN?

- Elektro svak- og sterkstrøm
- Alarmanlegg
- Teleinstallasjonar
- Brannvarsling
- Adgangskontroll

Tlf. 56 52 36 66 www.vangen-elektriske.no

GRAVMINNER



Utstillingen kan sees i butikk.
Vi lager også modeller etter ønske.

• Navntilføyelser • Omslip
Restaurering • Bolting • Oppretting

S
**STEINRIKET
DALE AS**

Dalegarden • Tlf. 40 61 55 00 • www.steinriket.no

SLEKTERS GANG



DØYPTE

22.05.2011	Madeleine Sandvik (døypd i Vangskyrkja)
12.06.2011	Maya Alexandria Skorve-Knutsen (døypd i Evanger kyrkje)
26.06.2011	Janne Veronika Bekkenes Tollefsen
26.06.2011	Eline Ulvedal Page
26.06.2011	Liv Eline Thunes Myrlid
26.06.2011	Torstein Tveite
26.06.2011	Mathias Takvam Lodden
07.08.2011	Emrik Sellevold Farestveit

Bergsdalen

29.05.2011 Linnea Tjønneland-Jordal

Stamnes

12.06.2011 Markus Vik-Lilletvedt

Vaksdal

29.05.2011 Amanda Boge Moe
 13.06.2011 Lars Mjanger Molde (døypd i Bremnes kyrkje)
 31.07.2011 Mathilde Skage Grenasberg



VIGDE

Dale

09.07.2011 Guro Dyvik Gullbrå og Hans Steinberg
 06.08.2011 Line Kvamme Rødland og Tom Andre Tysse

Bergsdalen

18.06.2011 Nina Bergo og Kjell-Ove Landa



DØDE

Dale

24.05.2011	Alf Høyland	f. 1918
30.05.2011	Bjørn Yngve Andersen	f. 1949
08.06.2011	Laila Dalseide	f. 1932
11.06.2011	Hildur Hatlestad	f. 1915
11.06.2011	Gerd Laastad	f. 1928
02.08.2011	Alf Leonard Kallestad	f. 1941

Eksingedalen

29.05.2011 Anna Vetlejord f. 1917

Vaksdal

04.07.2011	Andreas Søvik Fossmark	f. 1986
17.07.2011	Nils Helle	f. 1929
15.07.2011	Geir Olsen	f. 1959 (gravlagd i Møllendal)

VELKOMEN TIL KYRKJA

Sundag 28. august

11. SUNDAG ETTER PINSE Luk. 19,4148

MESSEHAGEN, DALE kl. 11.00. Fest på kjerka. Frode Kvamsøe og nordsjøprest Arvid Tveit.

Konfirmantpresentasjon. Torsdagsklubben. Offer til Sjømannskyrkja. Kyrkjekaffi.

NESHEIM KYRKJE kl. 11.00. Familiegudsteneste.

Edvard Bø. Konfirmantpresentasjon. Offer til HimalPartner.

STAMNES KYRKJE kl. 17.00. Familiegudsteneste.

Edvard Bø. Konfirmantpresentasjon. Offer til konfirmantarbeidet.

Sundag 4. september

12. SUNDAG ETTER PINSE Luk. 18,914

BERGSDALEN KYRKJE kl. 11.00. Bergsdalsstemna.

Haustattkefest. Frode Kvamsøe. Dåp.

Konfirmantpresentasjon. Offer til kyrkjelydsarbeidet.

Kyrkjekaffi. Songstund.

VAKSDAL KYRKJE kl. 18.00. Ungdomsgudsteneste i samarbeid med KUL. Edvard Bø.

Konfirmantpresentasjon. Offer til ungdomsarbeidet i kyrkjelyden.

Sundag 11. september

13. SUNDAG ETTER PINSE Mark. 7,3137

EKSINGEDALEN KYRKJE kl. 11.00. Høgmesse. Edvard Bø. Nattverd.

EIDSLAND KAPELL kl. 15.00. Høgmesse. Nattverd.

Konfirmantpresentasjon. Edvard Bø. Offer til konfirmantarbeidet.

Sundag 18. september

14. SUNDAG ETTER PINSE Luk. 10,2537

DALE KYRKJE kl. 16.00. UNG MESSE. Frode Kvamsøe og konfirmantane. Dåp. Offer til Fagertun leirstad.

Sundag 25. september

15. SUNDAG ETTER PINSE Luk. 17,1119

STAMNES KYRKJE kl. 11.00. Høgmesse. Frode Kvamsøe. Nattverd. Offer til NLA Høgskolen, Bergen.

VAKSDAL KYRKJE kl. 16.00. UNG MESSE. Edvard Bø og konfirmantane. Offer til Fagertun leirstad.

Sundag 2. oktober

16. SUNDAG ETTER PINSE Matt. 6,2434

BERGSDALEN KYRKJE kl. 11.00. Høgmesse. Edvard Bø. Nattverd.

DALE KYRKJE kl. 11.00. Høgmesse. Frode Kvamsøe. Nattverd. 50 og 60

årskonfirmantar. Offer til kyrkjelydsarbeidet.

NESHEIM KYRKJE kl. 15.00. Høgmesse. Frode Kvamsøe. Nattverd. Offer til Fagertun leirstad.

Sundag 9. oktober

17. SUNDAG ETTER PINSE Joh. 11,1727 og 3744

EKSINGEDALEN KYRKJE kl. 11.00. Familiegudsteneste. Haustattkefest. Frode Kvamsøe.

Sundag 16. oktober

18. SUNDAG ETTER PINSE Mark. 2,1828

VAKSDAL KYRKJE kl. 11.00. Høgmesse. Edvard Bø. Nattverd. 50årskonfirmantar. Offer til kyrkjelydsarbeidet.

Sjå annonsar i lokalavisa og oppslag for eventuelle endringar.